

Arkivnr: 2019/2106-13

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.11.2019

Fordeling av renter for spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet for 2019**Samandrag**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok i møte 18.6.2019 fordeling av spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Rentemidler – totalt kr 2 381 000,- vert tildelt på hausten til eventuelle klagesaker eller til anlegg som har fått uventa kostnader etter at tildeling har skjedd. Anlegga kan ikkje få tildelt meir enn rammebeløp for anleggstype.

Hordaland fylkeskommune fekk ingen klager på tildeling av spelemidler i 2019.

Hordaland fylkeskommune har motteke fire søknader om ekstra tildeling utover tildelte spelemidler. Dei søker om totalt kr 165 000,-.

Fylkesrådmannen foreslår at restbeløpet på kr 2 216 000,- vert tildelt symjebassenga i kommunane Bømlo og Austevoll med kr 1.108.000 kvar for å redusere storleik på gjentekne søknadar i 2020.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler renter og inndregne spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet for 2019, totalt kr 2 381 000,-, til følgjande anlegg:

Kommune	Anleggsnummer	Søkar	Anleggsnamn	Tildeling
Kvam	17668	Øystese Jeger- og fiskarlag	Vangdalsåsen - jegertrap	58 000
Radøy	70377	Radøy Skyttarlag	Skytebane Haukåsen - 100m DFS bane	74 000
Ulvik	54259	Ulvik Idrottslag	Drevtjørn ski- og tursenter Hopp	13 000
Ulvik	58261	Ulvik Idrottslag	Drevtjørn ski- og tursenter Langrenn	20 000
Bømlo	54292	Bømlo kommune	Bømlo symjehall - konkurranserbasseng	1 108 000
Austevoll	50711	Austevoll kommune	Austevoll symjehall, konkurranserbasseng	1 108 000
				2 381 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 28.10.2019

Hordaland fylkeskommune har motteke fire søknader om ekstra tildeling utover tildelte spelemidler.

1. Øystese jeger- og fiskarlag fekk tildelt kr 806 000,- i spelemidler til trapbane i Vangdalsåsen skyteanlegg i 2018. Dei har lagt inn vatn/HC toalett og kjøkken i fellesbygget, og det elektriske anlegget på banen fekk noe meir kostnader. Øystese jeger- og fiskarlag søkjar om ekstra tildeling på kr 58 000,-.
2. Radøy Skyttarlag fekk tildelt kr 577 000,- til 100m riflebane. Grunnarbeidet vert større enn forutsett, og dei måtte kjøpe tenester i tillegg til dugnad. Dei fekk og auka pris på elektroniske skiver etter tildeling. Radøy Skyttarlag søkjer om ekstra tildeling på kr 74 000,-
3. Ulvik idrottslag søkjer om to ekstra tildelingar. Ein søknad på Drevtjørn ski- og tursenter Hopp. Dei fekk tildeling på kr 279 000,- i 2017. Dei måtte jobbe ekstra dugnad som er stadfesta av elektro-firma. Dei søkjer om ekstra tildeling på kr 13 000,-.
4. Den andre søknaden frå Ulvik idrottslag er på Drevtjørn ski- og tursenter Langrenn. Dei fekk tildeling på totalt kr 1 240 000,- i 2017. Her måtte dei jobbe meir dugnad med Ljos til både stadion og løypene. Dugnad er stadfesta av kraftselskap. Dei søkjer om ekstra tildeling på kr 20 000,-.